



Arkivnr: 2014/560-261

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Uttal	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		21.10.2016

### Vidare førebuing av Ungdommens fylkesting 2017

#### Samandrag

Ungdommens fylkesutval (UFU) er ansvarlege for å arrangere Ungdommens fylkesting (UFT) 2017. Førebels dato for dette arrangementet er sett til 10.-12. februar, og arrangementet må vere halden før utgangen av februar. Innkalling skal sendast ut seinast 2 månadar før UFT vert arrangert. Frist for utsending av innkalling vert då 9. desember som er ein fredag. Forslag til dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande Ungdommens planprogram, forslag til nytt Ungdommens planprogram, rekneskap og årsmelding skal vere representantane i hende seinast ti dagar før Ungdommens fylkesting skal arrangerast. Det skal då sendast ut 31. januar. Dersom ein endrar på dato for UFT vil desse fristane endra seg tilsvarende.

Quality hotell Edvard Grieg vart førespurd for overnatting og konferanse og ein avtale er på plass. Ein ber då om ei stor sal som kan brukast til UFT på dagen og til sosialt på kvelden. På dagtid vert det satt opp i klasserom. Eit møterom for redaksjonskomiteen og eit møterom for valkomiteen frå laurdag til søndag. Overnatting vert på tremannsrom så langt det er mogleg. UFU kan kome med ønskjer om mat. UFU har møte på fredag før UFT startar og det vert bestilt lunsj.

Det er mykje som skal førebuast før eit slikt arrangement (vedlagt finn de tingdokumenta for 2016):

- Tingdokument:
  - Kjørereglar for UFT
  - Forretningsorden
  - Årsmelding (her er det viktig å vise på kvart område kva ein har gjennomført i UPP, og forklare det ein ikkje har fått gjennomført)
  - Ønskjer ein å be om ei årsmelding frå kontrollkomiteen?
  - Rekneskap 2015 (det ordnar administrasjonen, men UFU må godkjenne det)
  - Forslag til budsjett 2017 (administrasjonen fremjar eit forslag som UFU må vedta at skal fremjast på UFT, med eller utan endringar)
  - Ungdommens fylkesting frå A til Å
  - Forslag til nytt Ungdommens planprogram
  - Her bør det gå igjennom årets UPP for å sjå kva som bør jobbast vidare med og kva ein er «ferdig» med. Det kan vere greitt å ha ein gjennomgang, i det minste ha notatar på kva ein tek bort og legg til, slik at ein kan svare på spørsmål frå delegatane.
- Møteleiarar:
  - Praksis har vore at det er to eksterne ordstyrarar. På det ordinære fylkestinget er det fylkesordførar sjølv som er ordstyrar. Dersom ein har to ordstyrarar bør det vere ein frå kvart kjønn.
- Val av:
  - Val av protokollskrivarar – 2 personar: Bør vere administrasjonen
  - Val av protokollunderskrivarar – 2 personar

- Val av tellekorps – 2-3 personar
  - Val av redaksjonskomite – 3 personar
  - Val av valkomite – 4 personar
  - Sjå vedtektene for krav til dei ulike verva. Desse personane bør vere spurde før UFT tek til, og bør vere til stades under heile arrangementet.
- Program

På møtet 23. september vedtok Ungdommens fylkesutval følgjande:

1. Følgjande har ansvar for tingdokumenta Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik tidsfrist er sett 15. januar 2017.
2. Følgjande har ansvar for møteiarar Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik frist er sett 12. desember 2016.
3. Følgjande har ansvar for val til ulike verv Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik frist er sett 12. desember 2016.
4. Følgjande har ansvar for program Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik frist er sett 15. januar 2017.

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*